



RADØY KOMMUNE

Det kongelege kommunal- og regionaldepartement - kommunalavdelingen
Postboks 8112
0032 OSLO

postmottak@krd.dep.no

Dykkar ref.
08/1060-2 MAR

Vår ref.
08/906-3/08/6341//LTA

Dato:
Manger: 09.09.2008

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALLOVA OG KOMMUNELOVA

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 27.06.2008.

Radøy formannskap handsama saka i møte 4. september 2008, sak 82/08, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune sluttar seg til framlegga som er fremja til endringar i vallov og kommunelov i KRD sitt høyringsnotat av 27. juni 2008.”

Utskrift av møteboka følger vedlagt.

Med helsing

Leif Taule
Assisterande rådmann

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	04.09.2008	082/08	LTA

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K1-010, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 08/906
--	---	-----------------------------

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALLOVA OG KOMMUNELOVA

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	27.06.2008	Det kongelege kommunal- og regionaldepartement - kommunalavdelingen	Høyring - forslag til endringar i vallova og kommunelova - frist 30.09.08

Vedlegg:

Høyringsnotatet kan lesast på:

<http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Valg/HøyringsnotatNYNY.pdf>

Saksutgreiing:

KRD har sendt ut til høyring om visse endringar i vallov og kommunelov. Ein del av endringane er oppfølging av framlegg lagt fram i St.meld nr.33 (2007-2008) "Et sterkt lokaldemokrati". Framlegga har og samanheng med evalueringa av valet i 2007. Tema som vert drøfta i høyringsnotatet er m.a.: Tilrettelegging for funksjonshemma, informasjon til veljarane, legitimasjonsplikt ved førehandsrøysting, stad, opningstider og periode for førehandsrøysting, opningstider på valdag og høve til to-dagarsval, krav til valfunksjonærar, sanksjonar for brot på vallov og valobservasjon. Det er også føretatt ei drøfting kring høve til lokale folkerøystingar.

Dei konkrete lovendringane som vert fremja er følgjande:

- innføring av ei ordning med "tidlegrøystegjeving" (frå 1. juli og til ordinær førehandsrøysting startar 10. august)
- at kommunen kan bestemma at vallokale på valdagen kan haldast ope til kl. 21.00
- at ein tredjedel av kommunestyret kan bestemma at det skal haldast to-dagars val
- innføring av gebyr for lovbrøt (offentleggjering av prognoser på grunnlag av valdagsundersøkjingar og resultat før steninging av vallokale)
- heimel for valobservasjon
- prinsippbestemming i kommunelov om rådgjevande lokal folkerøysting og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar

Vurderingar

Tidlegrøystegjeving vil det kunna vera trong for i enkelte tilfelle (lengre opphald utanriks og utanlandsstudentar), og departementet er opptatt av at flest mogleg skal få høve til å røysta. Det er uproblematisk å oppretta førehandsrøystemottak på eit tidlegare tidspunkt enn vanleg,

men det er ein klar føresetnad at manntal er ferdiglaga og røystesetlar er ferdig trykt og klar til bruk. Konsekvensen vert elles at valresultata vil føreliggja på eit seinare tidspunkt, men dette vert likt for heile landet.

Opningstider for vallokala

Gjeldande lov fastset stenging seinast kl. 20 på valdagen. Det nye framlegget gjev kommunestyret høve til å vedta opningstidene, og 1/3 av kommunestyret sine medlemer kan vedta at lokala skal haldast opne til kl. 21. I Radøy har vi ikkje mottatt reaksjonar på at vallokala stengjer kl. 20, og då det er kommunen sjølv som avgjer dette, har vi ikkje innvendingar mot framlegget.

To-dagars val

Det er framlegg om at 1/3 av kommunestyret kan vedta at det skal haldast to-dagars val. Det har ikkje vore særleg spørsmål kring høve til å røysta på søndag i Radøy. Spørsmål om røystegjeving har heller oppstått før lokala opnar på valdagen, og dette må vi ta med oss ved neste val. To-dagars val vil elles først og fremst vera eit kostnadsspørsmål.

Innføring av lovbrotsgebyr

Etter vallova § 9-9 er det forbode å offentleggjera valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av valdagsundersøkjingar før alle vallokala er stengt. Dette lovbrøtet er imidlertid ikkje straffesanksjonert. I høyringsnotatet vert det føreslått eit gebyr på inntil 2 mill. kr. Vi har ikkje innvendingar til framlegget då slike tilfelle vil verta følgt opp av sentrale myndigheiter.

Heimel for valobservasjon

Etter framlegget vil kommunen vera forplikta til å ta imot alle akkrediterte observatørar. Dette er ein følgje av at Norge gjennom internasjonale konvensasjonar og dokument, er forplikta til å ta imot nasjonale og internasjonale observatørar.

Prinsippbestemming i kommunelova om lokale folkerøystingar

Det vert føreslått endring i KommuneLOVA kap. 6 – Innbyggjarinitiativ. Det enkelte kommunestyre kan også i dag vedta å gjennomføra lokale folkerøystingar. Departementet ynskjer med dette å lovfesta ordninga slik at det vert ein heimel for rådgjevande lokale folkerøystingar. Rådmannen har ikkje merknader til framlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til framlegga som er fremja til endringar i vallov og kommunelov i KRD sitt høyringsnotat av 27. juni 2008.

04.09.2008 FORMANNSKAPET

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS-082/08 VEDTAK:

Radøy kommune sluttar seg til framlegga som er fremja til endringar i vallov og kommunelov i KRD sitt høyringsnotat av 27. juni 2008.